



## MØTEBOK

<b>Organ</b>	<b>Fylkesrådet for eldre</b>
<b>Møtestad</b>	<b>Storehagen Atrium, Førde</b>
<b>Møtedato</b>	<b>11.02.2019</b>
<b>Kl.</b>	<b>11:00 – 13:30</b>

**Faste medlemmer til stades:**

Harald Ekroll  
Anna Sofia Skaar  
Henrik Oppen  
Aud Karin Netland

**Forfall til møtet:**

Kristoffer Skjolden

**Varamedlemmer til stades:**

Astrid Martinsen

**Til stades med møte- og talerett:**

**Sekretariat for møtet:**

Helga Sofie Bjørkhaug

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Møtebok frå møte 15. januar 2019 vart underskriven.

**Følgjande skriv og meldingar vart lagt fram i møte:**

**Meldesak 1) Landskonferansen 20. – 22. mai 2019**

Telemark fylkeskommunale eldreråd inviterer fylkesråda for eldre til landskonferanse i Skien 20. – 22. mai 2019. Endeleg program for landskonferansen vert sendt ut medio februar 2019. Frist for innsending av forslag til uttalar er 15. februar 2019. Alle innsendte forslag til uttale vil bli sendt fylkesråda innan 1. mars 2019.

Fylkesrådet for eldre sender uttalar om følgjande tema til landskonferansen (ligg ved møteboka som vedlegg):

1. Prioritering av eldreomsorga i kommunane.  
I seinare tid er det i media kome fram fleire døme på at sjukeheimar/demensavd. slit med tilfredstillande bemanning for å kunne levere forsvarleg stell og aktivisering av bebuarane. Samhandlingsreforma førde til meirarbeid og meir ansvar med same bemanning. I "leve heile livet" prosjektet er det tenkt at minst ein time aktivisering dagleg for demente er sjølv sagt. Dette betyr at kommunane må prioritere eldreomsorga meir når det gjeld bemanninga på sjukeheimane og demensavdelingane.
2. Tilgang til internett på institusjonar for eldre  
Myndigheitene har over fleire år arbeidd med å innføre bedre digitale tenester. Det same har store delar av næringslivet. Ymse organisasjonar for eldre har teke dette på alvor, sjølv om ein ikkje alltid har vore like begeistra, og har arrangert kurs for eldre i bruk av PC,

Nettbrett og smarttelefonar. Fleire og fleire eldre har teke dette i bruk og har også nytta verktya til å ha kontakt med sine kjære via «Skyp» eller «Facebook». Vi er blitt kjent med at når eldre kjem på institusjon så er det ofte at det ikkje er tilknytningmoglegheiter til internett på romma. Dei vert såleis heilt isolert frå å kunne ha kontakt med sine kjære, slik ein er blitt vant med. Dette er ikkje ein verdig eldrepolitikk. Landskonferansen for fylkeseldreråd krev at alle kommunar, på alle institusjonar for eldre, straks får installert internettsamband på alle rom.

3. Nedlegging av trafikkstasjonane

Fylkesrådet for eldre ser det som naudsynt at det i fortsetjinga vert ein trafikkstasjon i kvar del av fylket som det er idag. Om det vert reduksjon i tal trafikkstasjonar vil dette gå utover dei som må fornye førarkortet ofte; slik dei eldre må.

**Meldesak 2) Vestlandskonferansen 8. – 9. mai 2019**

Fylkeseldrerådet i Hordaland inviterer fylkesråda for eldre i Sogn og Fjordane og Rogaland til Vestlandskonferansen 2019. Vestlandskonferansen er fastsett til 8. – 9. mai, og skal vere på Solstrand Hotell og Bad i Os kommune. Påmelding og detaljert program kjem i slutten av januar 2019.

Medlemene i fylkesrådet møter + sekretær.

**Meldesak 3) Invitasjon til regionale dialogmøte om Vestland**

Fellesnemnda sitt arbeidsutval (FN-AU) førebur no nye Vestland fylkeskommune. Arbeidsutvalet inviterer til fem opne møte om viktige vegval for Vestland fylke. Føremålet med møta er å få fram kunnskap og innblikk i utfordringar i ulike delar av det nye fylket, som rører ved Vestland fylkeskommune si rolle som tenesteleverandør og samfunnsutviklar. Agenda er lik for alle møta. Det skal vere møte i Førde, Øyrane vidaregåande skule, 26. mars kl. 17.00 – 20.00. Den enkelte i rådet vel sjølv om ein vil møte opp og vere med.

**Meldesak 4) Lyst til å lære meir om velferdsteknologi?**

Pensjonistforbundet arbeider for at eldre skal få ei betre forståing av kva moglegheiter velferdsteknologi kan gje i deira kvardag. Pensjonistforbundet har lært opp 100 brukarrepresentantar på dette området, som vert kalla velferdsteknologiambassadørar.

**Meldesak 5) Regional koordineringsgruppe – «Leve hele livet»**

Harald og Aud Karin orienterte frå møte i gruppa, som var på Voss 28. november 2018. Der deltok representantar frå KS Hordaland og Sogn og Fjordane, Senter for omsorgsforskning Vest, USHT, Fylkeseldreråda og fylkesmannen. Nytt dagsmøte 21. februar 2019 i Førde.

**Meldesak 6) Velferdsteknologisamling i Stryn, Lærdal og Høyanger**

Harald orienterte frå samlinga som var i Stryn og Anna Sofia orienterte frå samlinga som var i Høyanger.

Prosessane som vert køyrde på samlingane vert haldne av PA konsulting. På desse møta har det møtt representantar for kommunane som anten var leiurar i heime- og sjukepleietenesta, eller jobba i tenesta. I tillegg har det møtt representantar for brukarane og fylkeseldrerådet.

Med omsyn til val av velferdsteknologi er det viktig at brukarane får vere med å bestemme kva ein vil prøve ut, gjerne ilag med føresette. Ein ser etter kvart at brukarane greier å bruke dei nye hjelpemidla, ser nytten av dei og vert meir positive.

Møta fungerer og som rettleiingsteneste for dei tilsette i det vidare arbeidet. Deira arbeid vert letta, men det vert presisert at det aldri må gå på bekostning av tal tilsette i tenesta.

Fylkesrådet for eldre merkar seg og at kommunetilsette er lite informerte om dei kommunale eldreråda, og meiner dei kommunale eldreråda må bli betre involverte i desse prosessane.

**Meldesak 7) «Leve hele livet» - konferanse i Florø 7. mars 2019**

Harald orienterte kort om denne samlinga med tema: Eit av satsingsområda i kvalitetsreforma Leve heile livet. Aktivitet, deltaking og fellesskap i eldreomsorga.

**Meldesak 8) Ymse**

Pasient- og brukarombodet i Sogn og Fjordane og Hordaland ved Lisa Førde Refsnes vert invitert til neste møte den 20. mai, for å orientere om korleis dei jobbar for dei eldre.

**SAK 2/19      Årsmelding 2018 - fylkesrådet for eldre**

**VEDTAK:**

1. Årsmelding 2018 vert godkjent
  2. Fylkesrådet ber sekretariatet om å justere meldinga i samsvar med dei innspel som kom fram under handsaminga i møte 11. februar 2019
  3. Fylkesrådet ber administrasjonen om å legge årsmeldinga tilgjengeleg på heimesida til fylkeskommen
  4. Fylkesrådet ber administrasjonen distribuere årsmeldinga til fylket sine kommunale eldreråd
- 

**SAK 3/19      Høyringsuttale frå fylkesrådet for eldre - forskrift om medverknadsordningar**

**VEDTAK:**

**Fylkesrådet for eldre støttar høyringsuttalen med forslag til forskrift og har følgjande presiseringar:**

- Fylkesrådet for eldre understrekar at alle forskrifter og rettleiarar må vere tilgjengelege på begge målføre, jmf. punket om veiledere og målform.
  - Det er viktig at medlemane i eldreråda får god og tilstrekkeleg opplæring, som sikrar felles forståing av arbeidet i eldreråda.
  - Ved oppstart av planprosessar og høyringar må eldreråda bli tidleg involverte. Eldreråda må bli informerte alt ved oppstart av planprosessar for om mogleg å kunne påverke og gje uttalar.
- 

**SAK 4/19      Skriv og melding - fylkesrådet for eldre 11. februar 2019**

**VEDTAK:**

1. Fylkesrådet for eldre tek skriv og meldingar til vitande
  2. Fylkesrådet for eldre sine uttalar og kommentarar til kvart einskild skriv og melding vert lagt under kvar meldesak
-